



Fylkesmannen i
Hordaland

Opplæring innanfor kriminalomsorga 2016

Tilstandsrapport

Fylkesmannen i Hordaland, 2017

Kopiering er ikkje tillate utan etter avtale med den som har opphavsretten

Formgjeving omslag: Herrene Grimstad & Skogen AS, herrene.com

Layout: www.netprint.no

TILSTANDSRAPPORT 2016

Med denne rapporten ønskjer Fylkesmannen i Hordaland å peike på nokre trekk ved utviklinga innan opplæring i kriminalomsorga i 2016. Vi vil óg løfte nokre tema som krev merksemd i tida framover.

Vi tar utgangspunkt i desse tre tema:

1. Elevtal, elevmasse, utdanningsval
2. Rett til opplæring
3. Rett til koordinerte teneste og skolen som del av tverretatleg rehabilitering

I 2016/2017 gjennomførte Deloitte ei evaluering av tilskotsordninga, på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Evalueringsrapporten foreslo ulike modellar for omlegging av ordninga og kom med nyttige betrakningar av skolane sitt faglege arbeid. I juni 2017 kom den tverrdepartementale publikasjonen *Redusert tilbakefall til ny kriminalitet - Nasjonal strategi for samordnet tilbakeføring etter gjennomført straff 2017–2021*. Begge desse publikasjonane tar opp tema som er viktige for utviklinga av opplæring i kriminalomsorga i tida som kjem.

For ein generell og utdjupande oversikt over status innan opplæring kriminalomsorga viser vi til tal og visualisering på www.oppikrim.no.

1. Elevtal, elevmasse, utdanningsval

Tabell 1: Talet på elevar/deltakarar i oppfølgingsklassar og fengsel, gitt i total tal og gjennomsnitt

	2015				2016			
	Heiltid		Deltid		Heiltid		Deltid	
	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt
Oppfølgingsklassar	152,0	52,3	528,0	157,6	159,0	73,5	426,0	144,3
Fengsel	2533,0	457,6	8051,0	1482,3	1827,0	451,8	8593,0	1435,5

Det er etablert opplæringstilbod for innsette i alle fengsla i Noreg. Det er oppfølgingsklasser ti stader i landet. I tillegg er det opplæringsansvarlege i dei etablerte, tverretatlege sentra for Narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) to stader i landet og ved TAFU Rogaland (TAFU - Tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning).

I overkant av 11000 personar tok del i ein eller anna form for opplæring i 2016. Dette er om lag det same som i 2015, men vi ser at det i 2016 er fleire som tar opplæring på deltid. Ei av årsakene kan vere at profilen på innsette i norske fengsel er noko endra i løpet av dei siste åra. Avdelingsleiarar seier at dei får fleire innsette på skolebenken som treng omfattande hjelp og som har meir samansette livsutfordringar. Ei mogleg forklaring er at fleire domfelte som har etablert tilknytning til arbeidsliv eller utdanning no får sone utanfor fengsel (t.d. soning med fotlenke/ elektronisk kontroll).

Dei fleste elevane får opplæring i fengsel. Oppfølgingsklassane er etablerte for å lette overgangen etter lauslating, og tar imot om lag 5 % av dei lauslatte som har starta opplæring i fengsel. Det er eit behov for å gi eit slikt tilbod til fleire straffedømte, etter avslutta soning. Fylkesmannen i Hordaland ser derfor behov for å etablere fleire oppfølgingsklassar i fleire regionar.

Tabell 2: Talet på elevar i fengsel og oppfølgingsklassar, gitt i totale tal og gjennomsnitt, delt etter type opplæring

	2015				2016			
	Heiltid		Deltid		Heiltid		Deltid	
	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt
Grunnskole	22,0	9,0	126,0	43,8	12,0	17,5	188,0	37,5
Vidaregåande skole	1250,0	351,3	2479,0	571,8	1013,0	365,5	2512,0	558,5
Arb.kvalifiserande kurs	901,0	35,8	1774,0	233,9	678,0	41,5	1864,0	234,8
Andre kurs	512,0	39,5	4200,0	764,3	283,0	33,3	4455,0	723,8
Fagskole	43*	13,0	*	8,3	31*	23,5	*	6,3
Høgskole/Universitet	177*	61,3	*	17,8	149*	44,0	*	19,0
Sum	2685,0	509,9	8579,0	1639,9	1986,0	525,3	9019,0	1579,8

*Totaltala for fagskole og høgskole/universitet er ikkje differensiert etter heiltid/deltid. Desse tala er heller ikkje med i utrekninga av totale tal på elevar

Når ein skal sjå nærare på tala for heil- og deltidsdeltaking, er det nyttig å vite kva omfang opplæringa har i desse kategoriane. For alle *andre* opplæringstilbod enn vidaregåande, vil deltid bety under 15 timer opplæring i veka, mens heiltid vil innebære opplæring 15 timar i veka eller meir.

Når det gjeld deltaking i opplæring på vidaregåande nivå rapporterer skolane på ein annan måte, i samsvar med forskrift til Opplæringslova. I kategorien heiltid skal skolane då rapportere inn elevar/deltakarar som er tatt inn til eit fullstendig utdanningsprogram på Vg1 eller eit fullstendig programområde på Vg2 eller Vg3. Deltidskategorien vil så romme alle dei elevane/deltakarane på vidaregåande nivå som ikkje tar del i eit slikt fullstendig program. Dette inneber då at innsette som følgjer eit utdanningstilbod i dei 6 faga som er naudsynte for å oppnå studiekompetanse (sokalla «six-pack»), vil bli registrerte som deltidsdeltakarar, sjølv om dei i praksis ofte er full tid i opplæring.

I *Nasjonal kompetansepolitisk strategi (2017-2021)* set regjeringa som mål å styrkje kompetansen for vaksne med svak tilknytning til arbeidslivet og å stimulere til auka bruk av arbeidslivet som arena for læring og kompetanseheving. Det er derfor positivt at rapporteringa frå skolane viser at talet på yrkesretta, kompetansejevande kurs, inngåtte lærekontraktar, praksiskandidatar, fagprøver og lærekandidatar er auka.

Dei siste åra har det òg vore eit tettare samarbeid mellom skolane og arbeidsdrifta i fengsla om å utvikle og tilby kompetansejevande yrkesretta opplæringsløp. Det er ei målsetjing for dei kommande åra at samarbeidet mellom skolen og arbeidsdrifta i fengsla blir utvikla vidare. Dette vil gi fleire innsette dokumentert, yrkesretta kompetanse, relevant for lønna arbeid utanfor murane. I den nemnde tverrdepartementale strategien *Redusert tilbakefall til ny kriminalitet* er arbeidsdrifta ein arena der ein set mål om auka samarbeid mellom skole, kriminalomsorga og NAV, for å kvalifisere den innsette til arbeid etter soning.

I tabell 2 ser vi òg at ein stor del av opplæringa i fengsel, skjer i kategoriane «arbeidskvalifiserande kurs» og «andre kurs». Deloitte diskuterer i sin rapport i kva grad tilboda er i tråd med læreplanverk og om det møter behova hjå dei innsette. Dei finn at dei fleste opplæringstilboda er utforma ut i frå kompetanssmål i læreplanar. Nokre kortare kurs er utforma slik at dei skal stimulere innsette til å ta ordinære opplæringsløp.

Korte, interessante og kompetansegejevande kurs er noko av det forskarar frå Universitetet i Bergen (UiB) peikar på i rapporten "Utdanningsmotivasjon og hinder for utdanning i fengsel" (2016), særleg for å styrkje utdanningsmotivasjonen til dei med kort soningstid. Vi ser óg at ein del skolar er gode på å bruke kort soningstid til å rettleie og hjelpe den innsette til å få samla naudsynt dokumentasjon og opplysningar frå tidlegare skolegang. På denne måten kan den innsette få oversikt over høva for vidare skolegang etter lauslating, samt innsikt i kva rettar han eller ho kan ta i bruk.

Forskarane ved UiB peikar på at det er ei rekkje felt skolen og kriminalomsorga kan arbeide meir med for å nå fram til fleire av dei som har behov for utdanning, men som ikkje tar del i opplæring i fengsel. Av område med potensiale for betring listar dei opp samarbeid mellom etatar, IKT- og programvaretilhøve, variasjon i opplæringstilbod, informasjon om opplæring, hjelp til dei med lære- og konsentrasjonsvanskar og betre utnytting av tida for dei med kort soningstid.

Tabell 3: Oversikt over innsette i fengsel si deltaking ved opplæringstilbod 2016
(gjennomsnittstal gjennom året – prosentuert ut frå soningskapasitet)

Fylke	Deltar ikkje	Grunnskole	VGO	Arb.kval.-kurs	Andre kurs	Fagskole	Høgskole/universitet	Soningskapasitet
Alle	49,0	1,5	21,6	6,8	19,7	0,3	1,6	3673
Oslo	46,0	2,0	16,6	6,6	28,2	0,0	0,3	456
Akershus	56,0	14,6	7,7	4,3	13,2	3,6	0,8	374
Østfold	39,0	11,6	9,1	7,8	30,7	1,4	0,1	404
Hedmark	50,0	0,5	11,4	17,4	20,1	0,0	1,0	324
Oppland	37,0	2,6	28,1	8,7	23,0	0,0	1,0	49
Buskerud	63,0	0,0	22,5	0,7	12,4	0,0	1,4	240
Vestfold	60,0	7,1	12,4	2,6	15,3	2,6	0,1	379
Telemark	48,0	9,0	6,8	13,9	20,3	1,2	0,6	128
Aust-Agder	56,0	15,4	13,1	10,4	3,8	1,2	0,0	65
Vest-Agder	64,0	25,0	1,7	8,5	0,0	0,6	0,0	44
Rogaland	48,0	17,2	16,9	7,0	9,8	1,0	0,1	338
Hordaland	22,0	15,4	19,8	6,1	34,0	1,5	1,4	324
Sogn og Fjordane	23,0	10,9	22,4	9,0	34,0	0,6	0,0	39
Møre og Romsdal	41,0	9,8	17,5	3,7	27,3	0,9	0,0	87
Sør-Trøndelag	58,0	1,4	29,5	6,3	4,0	0,0	1,4	183
Nord-Trøndelag	84,0	7,1	4,2	0,8	3,3	0,4	0,4	60
Nordland	55,0	5,6	11,7	7,7	16,0	1,9	1,9	81
Troms	33,0	0,0	39,0	9,3	18,2	0,0	0,0	59
Finnmark	66,0	0,0	12,8	16,0	4,5	0,0	0,6	39

Tabell 3 er interessant fordi den peikar på noko som særpregar opplæring i kriminalomsorga i Noreg: stor variasjon mellom fylka. I denne tabellen gjeld det kor stor del av dei innsette som tar del i opplæring (prosentuert etter soningskapasitet), og kva type opplæring dei tar del i. Ser ein til dømes på prosentdelen av innsette som ikkje tar opplæring, ligg denne på 49 % på landsbasis, mens variasjonane fylka imellom strekk seg frå 22 % til 84 %. Når det gjeld innsette som tar vidaregåande opplæring, varierer dette frå 1,7 % til 39 %, med eit landssnitt på 21,6 %. Nokre av desse tala (kanskje særleg ytterpunktta) kan skuldast feilrapportering, men det er ingen tvil om at variasjonen uansett er stor.

I den samanheng er det óg viktig å seie at variasjonen ikkje berre gjeld fylka imellom. Når Fylkesmannen i Hordaland samanliknar med tala skolane rapporterte i til dømes 2012, er det typisk at eit fylke som hadde låg skoledeltaking blant innsette i 2012, kan ha dobbelt så høg deltaking i 2016, og vice versa. Det er altså ikkje typisk at ein ut frå rapporteringa kan sjå klare tendensar i utviklinga innad i eit fylke. Det er vanleg med store variasjonar frå år til år. Dette står i kontrast til utviklinga frå år til år *nasjonalt*. Der ser vi at endringane i dei nasjonale snitt-tala for dei ulike opplæringskategoriane er små og varierer relativt lite.

Det er vanskeleg å meine noko bastant om kvifor vi ser så stor variasjon mellom fylka i eitt år, og i tillegg stor variasjon frå år til år innad i eit fylke. Mange faktorar kan spele inn, men eit moment som skolane stadig melder om, er at innsette er ei sær s heterogen og omskiftande gruppe. Skolane må tilpasse seg dei innsette i fengselet der og då, og i mange fengsel er det kort soningstid og hyppig utskifting. Det er utfordrande å alltid treffe behovet når ein ikkje veit kva slags innsette som kjem neste månad eller kva type opplæringsbakgrunn- og ønske desse har. Dette forklarar óg kvifor skolane i opplæring i kriminalomsorga bruker store ressursar på rådgjevingsarbeid.

2. Rett til opplæring

Opplæringslova med forskrifter regulerer kva innsette som har rett til opplæring. Alder og tidlegare skolegang er faktorar som får betydning, men alder er ikkje i seg sjølv eit ekskluderingskriterium for om personar har rett til opplæring. Det som definerer rettssituasjonen, er den innsette sitt faktiske utdanningsgrunnlag, saman med behov for og ønske om opplæring.

Det er innsette i norske fengsel i alle aktuelle rettskategoriar (forenkla framstilling, for meir utfyllande oppsummering sjå sluttnote):

- Rett og plikt til grunnskoleopplæring - Barn og unge
- Rett til vidaregåande opplæring jf. «ungdomsretten» - Ungdom under 25 år
- Rett til vidaregåande opplæring jf. «vaksenretten» - Vaksne over 25 år som fyller visse vilkår
- Rett til grunnskoleopplæring for vaksne – Vaksne som fyller visse vilkår
- Rett til spesialundervisning – Barn, ungdom og vaksne som fyller visse vilkår
- Rett til realkompetansevurdering – Vaksne som fyller visse vilkår

Rettsituasjonen for innsette med ikkje-nordisk bakgrunn er eit komplisert felt. Når det gjeld kor stor del av elevar i skolen som er ikkje-nordiske innsette, ser vi ein svakt nedgåande trend dei tre siste åra: 2014: 32,21 %, 2015: 29,41 %, 2016: 28,25 %. Eit interessant spørsmål er kor mange av desse som har rett på opplæring. I rapporten «Innsatte fra Albania, Litauen og Polen: Utdanning, arbeid, ønske og planar» (2017) har forskarar frå UiB funne at av innsette frå desse tre landa er det 23 % som har rett til opplæring. Vi vet ikkje sikkert korleis dette slår ut for dei rundt 100 til 150 andre nasjonalitetane som soner i norske fengsel, og det er vanskeleg å seie noko generelt om ei så ueinsarta gruppe.

Ein del av desse innsette er utanlandske statsborgarar utan lovleg opphald i Noreg. Sidan desse ikkje blir omfatta av Opplæringslova, har Fylkesmannen i Hordaland tidlegare engasjert eit juridisk miljø, International Law and Policy Institute (ILPI), for å hjelpe oss med å klargjere kva rettar som gjeld desse fangane. Med grunnlag i den juridiske utreiinga vi har fått frå ILPI (2013), har Fylkesmannen i Hordaland trekt konklusjonen at *det å ikkje ha lovlig opphald i Norge ikkje treng bety at ein ikkje kan ha rett til opplæring*.

Vi ser óg til publikasjonen “Education for foreign inmates in Norwegian prisons: A legal and humanitarian perspective”, skriven i 2014 av professor Linda Gröning ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen. Ho er klar i sin konklusjon: «there is a strong case to be made for preserving and safeguarding the general attitude taken in Norwegian penal policy that all prisoners should be offered an equal access to education irrespective of their nationality, immigration status, or whether they might be deported upon release». I vår forvaltning av tilskott til opplæring i kriminalomsorga, og i vårt samarbeid med fylkeskommunane, legg derfor Fylkesmannen i Hordaland til grunn at utanlandske fangar utan lovleg opphald i Noreg kan få tilbod om opplæring under soning.

Tabell 4: Prosent innsette fylkesvis som ikkje har noko som helst fullført utdanning eller opplæring. Tal for gruppa si deltaking i opplæring og ønske om dette. 2015 vs 2012.
Kjelde: (Eikeland, Manger og Asbjørnsen, 2017, s. 3)

Fylke	Inga fullført utf./oppl.		Tar utd. /oppl. i fengsel		Ønskjer utd. /oppl. i fengsel		Tal innsette respondenter fylkesvis*	
	2012	2015	2012	2015	2012	2015	2012	2015
Østfold	4,5	11,6	63,2	38,8	85,6	72,7	133	130
Akershus	3,5	3,0	64,7	56,7	86,9	92,5	85	67
Oslo	12,8	10,9	45,3	39,6	80,0	73,7	95	101
Hedmark	2,8	7,0	56,9	44,0	73,1	70,7	109	100
Oppland	0	0	50,0	68,2	81,3	95,5	32	22
Buskerud	5,3	2,5	44,7	39,5	85,1	74,1	76	81
Vestfold	8,4	3,9	50,8	39,9	77,2	61,8	192	210
Telemark	14,9	16,1	63,8	64,5	80,9	87,1	47	31
Aust-Agder	5,2	9,0	66,1	37,3	78,0	74,6	59	67
Vest-Agder	17,2	0	72,4	51,7	85,2	79,3	29	29
Rogaland	10,5	12,2	46,1	34,8	81,6	67,7	115	224
Hordaland	8,5	10,0	56,4	50,0	80,2	74,8	117	162
Sogn og Fj.	0	23,1	43,5	92,3	86,4	100	23	13
Møre og R.	4,3	7,5	78,3	56,1	95,5	73,2	23	41
Sør-Tr.	0	0	55,9	50,0	79,4	78,9	34	58
Nord-Tr.	4,0	13,2	20,0	23,7	68,0	68,4	25	38
Nordland	8,1	4,4	51,4	45,7	89,2	84,4	37	46
Troms	8,3	4,2	33,3	50,0	66,7	70,8	24	24
Finnmark	19,0	13,0	19,0	26,1	90,0	56,5	21	23
Norgerhaven	-	12,5	-	0	-	75,0	-	8
Alle	7,2	8,0	53,6	43,0	80,9	72,9	1276	1475

* Tre variablar med varierende prosentueringsgrunnlag. Totaltalet innsette responderer fylkesvis.

Tabell 4 viser at rundt 8 % av dei innsette i norske fengsel ikkje har noko form for avslutta utdanning, heller ikkje grunnskole. Dei nyaste tala i denne tabellen er frå 2015, men dette er noko som har vore stabilt over ei årrekke, og denne gruppa har utan tvil rett til og behov for opplæring. Vidare viser forskar Erik Søndena i si doktorgradsavhandling (2009) at cirka 10 % av innsette i norske fengsel har ei kognitiv fungering som samsvarer med utviklingshemming. Han reknar med at ca 2/3 av dei utviklingshemma i fengsla er uoppdaga og udiagnostiserte. Desse har ein vesentleg høgare risiko viser forskar Erik Søndena i si doktorgradsavhandling at cirka 10 % av innsette i norske fengsel har ei kognitiv fungering som samsvarer med utviklingshemming. Han reknar med at ca. 2/3 av dei

utviklingshemma i fengsla er uoppdaga og udiagnostiserte. Desse har vesentleg høgare risiko for tilbakefall til kriminalitet etter soning, uansett kva type kriminalitet dei er domfelt for. Deloitte peikar i sin rapport på at mange av dei innsette med størst behov for opplæring, likevel ikkje er å finne på skolebenken.

Innsette med særleg store opplæringsbehov kan ofte trenge ein-til-ein-undervising, av pedagogiske, sosiale eller helsemessige årsaker. For nokre kan det altså óg være behov for spesialpedagogisk metodar og læremiddel, samt samarbeid med spesialisthelseteneste eller pedagogisk-psykologiske teneste (PPT) om eventuell utreiing/diagnostisering. Det er variasjon mellom skolane når det gjeld i kva grad dei har særleg kompetanse på dette, og kva grad dei har tett samarbeid med PPT.

Rådgjevarar ved skolane melder ofte at når det gjeld nokre grupper innsette er dei er heilt avhengige av tett samarbeidet med dei andre etatane i fengsel for å kunne nå fram med informasjon og for å leggje til rette for opplæring. I rapporten «Vi er ganske gode i hverdagen» (2017) har forskarar frå UiB sett på rolla til fengselsbetentar i høve til skolen sitt arbeid. Studien viser at den tette daglege kontakten dei har med dei innsette, i større grad enn i dag kunne vore nytta for å nå fram med informasjon og rettleiing til innsette som av ulike grunnar ikkje har kontakt med skolen, men som har stort behov for opplæring. Fengselsbetentane i rapporten seier at dei treng meir kunnskap om skolen, opplæringsrettar og opplæringshøve for å kunne gjere dette. Dei peikar óg på eit stort behov for gode, tverrfaglege møter mellom alle etatane i fengsel.

3. Rett til koordinerte teneste og skolen som del av tverretatleg rehabilitering

Deloitte finn i sin rapport at skolane ikkje berre er styrte av rettsperspektivet når dei organiserer opplæringa i fengsel. Dei observerer at mange skolar óg har vekt på det rehabiliterande perspektivet.

Det er sjølvstøtt opplæringsrettar som er grunnlaget for at ein i dag har opplæring i alle fengsel i Noreg. Samstundes er det óg slik at mange innsette har lovfesta *rett* på koordinerte teneste og individuell plan frå det offentlege, fordi dei har store og samansatte utfordringar: til dømes lærevanskar, helseutfordringar, rusavhengigheit, sosiale problem osb. Dette fordrar tverrfagleg arbeid som skolen må bidra til.

Denne tematikken kjenner vi frå Stortingsmelding 16 (2015–2016 - *Fra utenforskap til ny sjanse – Samordnet innsats for voksnes læring*). Ein set mål om at vaksne som har problem med å få varig tilknytting til arbeidslivet og som treng påfyll av kompetanse, skal få tilgang til nødvendig opplæring. Ein understreker at samordna innsats mellom utdanningssektoren og andre etatar er påkrevd for å få dette til.

I *Redusert tilbakefall til ny kriminalitet* går fem departement – inkludert Kunnskapsdepartementet – saman om ein felles strategi for å hindre tilbakefall til kriminalitet, som gjeld alle nivå av forvaltninga. Ein understrekar det felles ansvaret dei ulike sektorane har for å hindre tilbakefall til ny kriminalitet, og ingen grupper innsette blir utelukka frå målgruppa. Utdanningssektoren har altså eit ansvar til å bidra til den heilskapelege rehabiliteringa og overgangen mellom fengsel og samfunn.

Med desse perspektiva in mente er det både riktig og naudsynt at skulane tar aktivt del i tverretatlege, rehabiliterande arbeidet kring innsette når det er behov for skolen sin kompetanse. Men nokre skolar er lite trente i slikt arbeid, og ulike fengsel legg i ulik grad til rette for slikt samarbeid. Nokre skolar melder óg at det er vanskeleg å måle og talfeste slikt arbeid, og dei kan ha nokre bekymringar knytt til ressursbruk på «usynleg» arbeid.

Om ein følgjer dei rehabiliterande og kompetansepolitiske perspektiva, kan høgare utdanning i fengsel vere eit interessant tema. Skoleverket ikkje har eit ansvar for at innsette får delta i høgare utdanning. Likevel viser skolane si rapportering til Fylkesmannen i Hordaland og rapporten «Norske innsette: Utdanning, arbeid, ønske og planar» (2016) at ein aukande grad av innsette etterspør høgare utdanning for å kvalifisere seg til arbeidslivet etter soning.

Opplæring i kriminalomsorga i tida som kjem

Rett til opplæring har vore og skal være hovudfokus for skolane. Vi har i denne rapporten likevel vist til andre, klare politiske føringar når det gjeld vaksenopplæring, kompetansepolitikk og tilbakefallsproblematikk. Desse føringane må skolane i fengsel sjølvstøtt ta omsyn til sitt arbeid.

Ein naturleg konsekvens av dei politiske signala er at skolesektoren i fengsel må auke innsatsen når det gjeld å ta del i den tverretatlege rehabiliteringa av innsette. I praksis vil slikt tverretatleg samarbeid for skolen oftast handle om innsette med rett til koordinerte teneste, rett til opplæring og rett til opphald i Noreg.

Det er grunn til å tru at slikt samarbeid vil være sentralt for å nå dei innsette med aller størst opplæringsbehov. Ein del skolar kan då sjå behov for å styrke sin kompetanse på pedagogiske metodar og læremiddel for vaksne med særlege store lærevanskar. Nokre skolar kan óg sjå behov for å knytte nærare bånd til vaksenopplæringa og pedagogisk-psykologiske teneste (PPT).

Tverretatleg samarbeid om menneske med store livsutfordringar er ressurskrevjande, og det er ei utfordring å klare å måle slikt arbeid gjennom skolane si rapportering. Nokre skolar har óg lite erfaring med slikt samarbeid. Behovet for erfaringsdeling mellom skolar er stort, og Fylkesmannen i Hordaland vil i aukande grad leggje til rette for dette.

I *Redusert tilbakefall til kriminalitet - Nasjonal strategi for samordnet tilbakeføring etter gjennomført straff 2017–2021*, tar fem departement – inkludert Kunnskapsdepartementet – eit felles ansvar for å hindre tilbakefall til kriminalitet. Målet for tiltaka her er altså vellukka tilbakeføring. Dette betyr at ein i målgruppa óg vil finne innsette utan opplæringsrettar, men med behov for opplæring og hjelp frå skolen.

Utanfor murane har opplæringssektoren allereie opparbeidd mykje kunnskap om tverretatleg samarbeid, gjennom arbeidet med ND, TAFU og oppfølgingsklassane. Fylkesmannen i Hordaland vil framover satse på å leggje til rette for erfaringsoverføring og nettverk mellom opplæringsansvarlege som arbeider med innsette i overgangen frå soning til samfunndeltaking. Sidan ND nylig er blitt landsdekkjande (frå 2016), vil fylkeskommunar kunne ha særleg nytte av å dele erfaringar og metoder i arbeidet med menneske som får denne typen dom. Vi trur óg at erfaringane frå desse arenaene utanfor murane vil kunne nyttjast når det tverrfaglege samarbeidet inne i fengsla skal styrkast i åra som kjem.

ⁱ Sluttnote: Rett til opplæring etter Opplæringslova

Opplæringslova med forskrifter regulerer hvem som har retter til opplæring. For innsatte i norske fengsler vil alder og tidligere skolegang være faktorer som får betydning for hvilke bestemmelser de omfattes av. Når vi ser på de aktuelle bestemmelsene i Opplæringslova så er ikke alder i seg selv noe eksklusjonskriterium for om personer har rett til opplæring. Lovverket er lagt opp på en måte som, uavhengig av alder, sikrer at personer, etter nærmere vilkår, har plikt (grunnskolen) og retter til opplæring. Det er altså den enkeltes faktiske utdanningsgrunnlag, sammen med et ønske om opplæring, som er med å definere retts situasjonen, og dermed fylkeskommunenes plikter til å tilby/gi opplæring.

Med utgangspunkt i det rettsbildet som er tegnet under vil mange innsatte i norske fengsler ha rett til opplæring etter Opplæringslova. I tillegg til det som blir beskrevet under kan både barn, ungdom og voksne ha rett på **spesialundervisning**, og mange vil ha rett til, og behov for **realkompetansevurdering**.

Barn og unge

Barn og unge har rett og plikt til grunnskole. Opplæringen starter normalt det året barnet fyller 6 år, og avsluttes dermed normalt det året barnet fyller 16 år. Opplæringslova § 2-1.

Ungdom

Ungdom har rett til tre års videregående opplæring. Vilkåret for rett til videregående opplæring er at ungdommen har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring. For de fagene der læreplanene forutsetter lengre tid enn tre år, vil ungdommen ha rett til den opplæringstiden som læreplanene fastsetter. Grovt sett er det korrekt å si at retten må tas ut innen utgangen av det året vedkommende fyller 24 år. Opplæringslova § 3-1.

Voksne

Voksne kan ha rett til både grunnskoleopplæring og til videregående opplæring. Disse rettighetene er regulert i Opplæringslova kapittel 4A, §§ 4A-1 og 4a-3. Retten til grunnskoleopplæring gjelder personer som er over opplæringspliktig alder (jf § 2-1), som trenger slik opplæring og som ikke har retter til videregående opplæring etter § 3-1. Retten vil til vanlig gjelde de fagene en trenger for å få vitnemål for fullført grunnskoleopplæring for voksne. Opplæringslova § 4A-1.

Retten til videregående opplæring gjelder voksne som har fullført grunnskolen eller tilsvarende, men som ikke har fullført videregående opplæring. Denne retten gjelder voksne fra og med det året de fyller 25 år, Opplæringslova § 4A-3. Med andre ord avløses ungdomsretten, § 3-1, av voksenretten, § 4A-3. Når en voksen er tatt inn i til videregående opplæring vil ha en rett til å få fullført denne retten, selv om de ikke har rett etter bestemmelsens første ledd. Voksne som har rett til videregående opplæring har også en rett til å bli realkompetansevurdert.

Kjelder/publikasjoner:

Asbjørnsen, A., Manger, T., Jones, L., og Eikeland, O.J (2017): Norske innsatte: kartlegging av lesevaner og oppmerksomhetsvaner 2015. Rapport 2/2017

Deloitte (2017): Evaluering av tilskudd til opplæring i kriminalomsorgen.

Eikeland, O.J., Manger, T., og Asbjørnsen A (2017): Innsatte fylkesvis: Utdanning, aktivitet, ønske og planar.

Eikeland, O.J., Manger, T., og Asbjørnsen, A (2017): Innsatte fra Albania. Litauen og Polen: Utdanning, arbeid, ønske og planar. Rapport 1/2017

Eikeland, O.J., Manger, T., og Asbjørnsen, A (2016): Norske innsette: Utdanning, arbeid, ønske og planar. Rapport 2/2016

Grønning, L. (2014): Bergen Journal of Criminal Law and Criminal Justice • Volume 2, Issue 2, 2014, pp. 164-188: Education for foreign inmates in Norwegian prisons: A legal and humanitarian perspective

International Law and Policy Institute (ILPI) (2013): Notat om menneskerettslig regulering av rett til opplæring i norske fengsler for utenlandske fanger som skal sendes ut landet etter endt soning.

Manger, T., Eikeland, O.J., og Asbjørnsen, A (2016): Norske innsette: Utdanningsmotivasjon og hinder for utdanning i fengsel. Rapport 1/2016

Nasjonal kompetansepolitisk strategi (2017-2021)

Redusert tilbakefall til ny kriminalitet - Nasjonal strategi for samordnet tilbakeføring etter gjennomført straff 2017–2021

Stortingsmelding 16 (2015–2016 - Fra utenforskap til ny sjanse – Samordnet innsats for voksnes læring)

Søndena, Erik (2009): Intellectual disabilities in the criminal justice system. Doctoral theses at NTNU.

Westrheim, K., Eide, H., og Jones, L. (2017): «Vi er ganske gode i hverdagen...»:Fengselsbetjentes fortellinger om rolle og posisjon i møte med innsatte og deres utdanningssituasjon i norske fengsler. Rapport 3 2017



Statens hus
Utdanningsavdelinga

Besøksadresse
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse
Postboks 7310, 5020 BERGEN

Telefon: 55 57 20 00

Epost
fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Internett
www.fylkesmannen.no/hordaland
www.oppikrim.no